



MØTEPROTOKOLL

Utval: Naturutvalet
Møtedato: 03.06.2009
Møtetid: 15.00 – 20.30-
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Pga. ugildskap deltok Ole Totland ved handsaming av sak 17	
Pga. møtekollisjon fekk Bjørn Sævild og Sture Tveit permisjon frå møtet etter handsaming av sak 24.	

Andre som var til stades på møtet:

Avd. ing. John Inge Sandvik var med under synfaringa samt under handsaming av sakene 17 t.o.m. 25, Leiar av teknisk eining under sakene 17 – 25 og sakene 28 – 30, ordførar og adm.sjef under handsaming av alle sakene.

Merknader: Utvalet var på synfaring i tilknytning til sakene 19 og 24

Orienteringar/meldingar:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 04.06.2009

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
017/09	09/243	Faste saker	
018/09	09/210	Kommunale vegar	
019/09	09/223	Byggesak gnr 3 bnr 61	
020/09	09/198	Byggesak - hytte Gnr 37, bnr 50	
021/09	09/102	Delingssak gnr 27, bnr 33.	
022/09	09/183	Delingssak gnr. 26, bnr. 14	
023/09	09/135	Delingssak gnr 4, bnr 1	
024/09	09/237	Delingssak - Frådeling av parsell Gnr 29 bnr 17 på Langeland	
025/09	09/134	Klage på vedtak om utslepsløyve i sak 09/0041 om riving av eksisterande bustad/ oppføring av ny Gnr 5, bnr 3	
026/09	09/228	Energi - og klimaplan for Samnanger kommune	
027/09	09/97	Ny plandel til plan- og bygningslova - kommunestyrets adgang til å delegera oppgåver og kompetanse.	
028/09	09/169	Høyring av fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 - 2021	
029/09	09/233	Søknad om Konesjon gnr 18 bnr 7	
030/09	09/239	Søknad om konsesjon på erverv av fast eigendom - Gbnr 11/3	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Godkjenning av protokoll frå førre møte• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter

Saknr. 017/09
FASTE SAKER

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

03.06.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet godkjende møteinnkalling og saklista. Det vart frå leiaren påpeika at dokumenta kom for seint ut i høve til vedteke reglement.

Utvalet godkjende protokollen frå førre møtet.

Av referatsakene drøfta utvalet utsendt brev frå BKK om straumforsyning til Vaksdal. Det vart bestemt at leiaren av utvalet saman med ordføraren skriv til BKK og innbyr dei til å koma på neste møte i naturutvalet då denne saka vert handsama på nytt.

Det vart orientert om svarskriv frå Statens Vegvesen der det er gitt melding om at tunellen på Gjerde er ein av fleire som dei i desse dagar er ute og etterspør om pris på arbeidet med opprusting. Arbeidet er forventa å verta gjort til hausten.

Utvalet sitt kvarter

Gunnar Bruvik ba om orientering om

- Fartshumpar på Ytre Tysse

Frå teknisk eining vart det gitt tilbakemelding om at spørsmålet er reist til Statens Vegvesen i møte i samband med arbeidet med Miljøgateprosjektet. Tilbakemeldinga er at dette vil verta gjort som del av arbeidet med gata. Det er protokollert i møtereferat.

Utvalet ba om at dette vert fulgt ytterlegare opp.

- Reiskapshus kyrkja

Adm.sjef orienterte om at det må til ny finansiering av reiskapshuset både fordi det ikkje er mogleg å få det finansiert som budsjettert gjennom ordninga med rentefrie lån. For det andre har riksantikvaren kome med motsegn mot teikningane, og kravd at takkonstruksjonen vert som for bårhuset – valma tak-. Dette forseinkar arbeidet samt at dersom kravet vert ståande vil det gjera huset vesentleg dyrare. Det vert frå kyrkja si side arbeidd for å få høve til å byggja som omsøkt. Teknisk eining har gitt byggjeløyve i samsvar med søknad. PØ skal diskutera finanssituasjonen på førstkomande møte – fredag 5.6.09.

Olaug Karin Øystese ba om at personell frå teknisk eining ser nærare på vegen til Stølen for å sjå om murar m.m. som er bygd i nyare tid gjer vegen meir trafikkfårleg på vinterstid.

NAT-017/09 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering, Leiaren av utvalet saman med ordføraren skriv til BKK og innbyr dei til å koma på neste møte i naturutvalet då sak om straumforsyning til Vaksdal vert handsama på nytt.

Saknr. 018/09
KOMMUNALE VEGAR

03.06.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Gunnveig Loe og Helga Nygård ba om å få vurdert om dei er ugild ved handsaming av denne saka. Dei gjekk frå ved handsaming av spørsmålet om ugildskap. Ole Totland var kalla inn som varamedlem for Loe. Han tok sete. Utvalet vedtok med 5 mot 1 røyst at Loe og Nygård var ugilde,

Sture Tveit sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vert starta arbeid med å omklassifisera Gamlevegen Bjørkheim og Veggen frå kaien på Haga til Fylkesvegen frå kommunale vegar til private vegar.

Olaug Karin Øystese sette fram slikt framlegg til vedtak:

Dei vegane som pr. d.d. er kommunale skal framleis vera det då det ser ut til at dette er velbegrunna.

4 røysta for framlegget frå Tveit og 2 for framlegget frå Øystese.

NAT-018/09 Vedtak:

Det vert starta arbeid med å omklassifisera Gamlevegen Bjørkheim og Veggen frå kaien på Haga til Fylkesvegen frå kommunale vegar til private vegar.

Saknr. 019/09

BYGGESAK GNR 3 BNR 61

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til å byggja større naust enn 45 m²

Med heimel i stadfesta kommuneplan for Samnanger vert det ikkje gjeve byggjeløyve for naust på Gnr.3 Bnr.61 på Sagen

Vedr. klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§27 og 29-32 og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottek vedtaket.

03.06.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet var på synfaring på Sagen.

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-019/09 Vedtak:

Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til å byggja større naust enn 45 m²

Med heimel i stadfesta kommuneplan for Samnanger vert det ikkje gjeve byggjeløyve for naust på Gnr.3 Bnr.61 på Sagen

Vedr. klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§27 og 29-32 og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottek vedtaket.

Saknr. 020/09

BYGGESAK - HYTTE GNR 37, BNR 50

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve rammeløyve for bygging av hytte på Gnr.37 Bnr.50 i Holmane.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.15.05.09.

Hytta skal plasserast i samråd med teknisk eining.

Det vert gjeve løyve til å leggja inn vatn i hytta, samt å montera vassklosett, avløpet skal gå via minirensanlegg av godkjent type.

I samsvar med søknad vert det gjeve lokal godkjenning for foretak SE-Arkitektur AS. Godkjent og kvittert søknad om ansvarsrett fylgjer vedlagt.

03.06.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-020/09 Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve rammeløyve for bygging av hytte på Gnr.37 Bnr.50 i Holmane.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.15.05.09.

Hytta skal plasserast i samråd med teknisk eining.

Det vert gjeve løyve til å leggja inn vatn i hytta, samt å montera vassklosett, avløpet skal gå via minirensanlegg av godkjent type.

I samsvar med søknad vert det gjeve lokal godkjenning for foretak SE-Arkitektur AS. Godkjent og kvittert søknad om ansvarsrett fylgjer vedlagt.

Saknr. 021/09

DELINGSSAK GNR 27, BNR 33.

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §63 og 93 vert det gjeve delingsløyve for naustetomt på Gnr.27 Bnr.33 på Tysse.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs. 15.04.09

03.06.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-021/09 Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §63 og 93 vert det gjeve delingsløyve for naustetomt på Gnr.27 Bnr.33 på Tysse.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs. 15.04.09

Saknr. 022/09**DELINGSSAK GNR. 26, BNR. 14**

03.06.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes at søknaden om frådelling av parsell i Hagabotnane skulle godkjennast.

NAT-022/09 Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til frådelling i LNF område på Gnr 26 Bnr.14 på Haga.

Med heimel i Plan og bygningslova §63 vert det gjeve delingsløyve for ein parsell på Gnr.26 Bnr. 14 på Haga.

Frådelinga kan godkjennast etter jordlova §12.

Saknr. 023/09**DELINGSSAK GNR 4, BNR 1****Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i Plan og bygningslova § 7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen til frådelling av bustadtomt på Gnr.4 Bnr.1.

Med heimel i plan og bygningslova § 63 og §20-4 vert det ikkje gjev delingsløyve for parsell til bustadhus på Gnr.4 Bnr.1.

Etter jordlova § 12 kan deling ikkje godkjennast.

03.06.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-023/09 Vedtak:

Med heimel i Plan og bygningslova § 7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen til frådelling av bustadtomt på Gnr.4 Bnr.1.

Med heimel i plan og bygningslova § 63 og §20-4 vert det ikkje gjev delingsløyve for parsell til bustadhus på Gnr.4 Bnr.1.

Etter jordlova § 12 kan deling ikkje godkjennast.

Saknr. 024/09

DELINGSSAK - FRÅDELING AV PARSELL GNR 29 BNR 17 PÅ LANGELAND

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til frådeling i LNF område på Gnr 29 Bnr.17 på Tveit.

Med heimel i Plan og bygningslova §63 vert det gjeve delingsløyve for ein parsell på Gnr.29 Bnr. 17 på Tveit. Parsellen skal knytast til eksisterande bustadtomt Gnr.29 Bnr.30.

Frådelinga kan ikkje godkjennast etter jordlova §12.

03.06.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet var på synfaring.

Sture Tveit sette fram slikt framlegg til vedtak:

Hovudbruket vil ha rikeleg med areal til veduttak sjølv om den omsøkte parsellen vert delt frå.

Det vil og vera lite formålstenleg med beiting på den omsøkte parsellen sidan det er ein brønn der som forsyner to husstandar med vatn.

Framlegg til vedtak:

Dei to første avsnitta i framlegget frå administrasjonssjefen.

Nytt avsnitt tre:

Frådelinga kan godkjennast etter jordlova § 12.

Utvalet vedtok samrøystes framlegget frå Sture Tveit.

NAT-024/09 Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til frådeling i LNF område på Gnr 29 Bnr.17 på Tveit.

Med heimel i Plan og bygningslova §63 vert det gjeve delingsløyve for ein parsell på Gnr.29 Bnr. 17 på Tveit. Parsellen skal knytast til eksisterande bustadtomt Gnr.29 Bnr.30.

Frådelinga kan godkjennast etter jordlova §12.

Saknr. 025/09

KLAGE PÅ VEDTAK OM UTSLEPSLØYVE I SAK 09/0041 OM RIVING AV EKSISTERANDE BUSTAD/ OPPFØRING AV NY GNR 5, BNR 3

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Vedtak om utsleppsløyve i sak 09/0041 *Med heimel i "Forskrift om utslipp fra separate avløpsanlegg" §4 vert det gjeve utsleppsløyve. Utsleppet skal gå via 4m3, 3 kamra slamavskillar til djup sjå, avløpet må leggjast noko lenger ut enn omsøkt.ca. 100 m.*
vert endra til fylgjande:

Med heimel i "Forskrift om utslipp fra separate avløpsanlegg" §4 vert det gjeve utsleppsløyve. Utsleppet skal førast til minirensanlegg av godkjent type.

03.06.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-025/09 Vedtak:

Vedtak om utsløppsløyve i sak 09/0041 *Med heimel i "Forskrift om utslipp fra separate avløpsanlegg" §4 vert det gjeve utsløppsløyve. Utsleppet skal gå via 4m3, 3 kamra slamavskillar til djup sjå, avløpet må leggjast noko lenger ut enn omsøkt.ca. 100 m. vert endra til fylgjande:*

Med heimel i "Forskrift om utslipp fra separate avløpsanlegg" §4 vert det gjeve utsløppsløyve. Utsleppet skal førast til minirensanlegg av godkjent type.

Saknr. 026/09

ENERGI - OG KLIMAPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Energi- og klimaplan for Samnanger kommune skal leggast ut til offentleg ettersyn i perioden 8.juni – 7.juli 2009. Planen skal sendast på høyring til følgjande instansar:

Samnanger kommune

- Kulturkontoret
- Skole
- Barnehage
- Barnas representant
- Pleie- og omsorg
- Ungdomsrådet
- Eldres råd
- Rådet for personar med nedsett funksjonsevne
- Arbeidsmiljøutvalet

Hordaland Fylkeskommune

Fylkesmannen i Hordaland

- Landbruksavdelinga
- Miljøvernavdelinga

Statens vegvesen

BKK

NVE

BIR

Tide

Samnanger næringsforum

Høyringsuttaler sendast Samnanger kommune, Teknisk etat, 5650 Tysse innan 7. juli 2009.

Vedtaket er fatta i samsvar med Plan- og bygningslovens § 20-5 om behandling av kommuneplanar.

03.06.2009 Naturutvalet
Handsaming i møtet:

Sigmund Dyrhovden sette fram framlegg om eit nytt pkt. under tiltak i del 3.3.2;
Samnanger kommune skal arbeida for at det i planlegginga og val av nye veganlegg vert lagt vekt på å finna fram til energigunstige alternativ.
Utvalet valde og å utvida høyringsfristen til 15. august .
Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak med tillegg av framlegget frå Dyrhovden og endra høyringsfrist.

NAT-026/09 Vedtak:

Energi- og klimaplan for Samnanger kommune skal leggest ut til offentleg ettersyn i perioden 8.juni – 15. august 2009.

Før utlegging vert planen endra ved at kap. 3.3.2 får inn eit nytt tiltak:

T. Samnanger kommune skal arbeida for at det i planlegginga og val av nye veganlegg vert lagt vekt på å finna fram til energigunstige alternativ

Planen skal sendast på høyring til følgjande instansar:

Samnanger kommune

- Kulturkontoret
- Skole
- Barnehage
- Barnas representant
- Pleie- og omsorg
- Ungdomsrådet
- Eldres råd
- Rådet for personar med nedsett funksjonsevne
- Arbeidsmiljøutvalet

Hordaland Fylkeskommune

Fylkesmannen i Hordaland

- Landbruksavdelinga
- Miljøvernavdelinga

Statens vegvesen

BKK

NVE

BIR

Tide

Samnanger næringsforum

Høyringsuttaler sendast Samnanger kommune, Teknisk etat, 5650 Tysse innan 15. august 2009. Vedtaket er fatta i samsvar med Plan- og bygningslovens § 20-5 om behandling av kommuneplanar

Saknr. 027/09**NY PLANDEL TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA - KOMMUNESTYRETS HØVE TIL Å DELEGERA OPPGÅVER OG KOMPETANSE.****Administrasjonssjefens forslag til vedtak:**

I medhald av § 3-3 tredje ledd i Plan- og bygningsloven 2008 (plandelen) vidareførast gjeldande ordning med barnas representant.

I medhald av Kommunelovas § 10 nr. 1 vidareførast § 4.1.02 i Delegasjonsreglementet for Samnanger kommune, vedteke av kommunestyret 20.2.2003: ” Utval for natur er kommunen sitt faste planutval”.

I medhald av Kommunelovas § 10 nr. 2 føyast følgjande avsnitt til § 4.2.01 i Delegasjonsreglementet for Samnanger kommune, vedteke av kommunestyret 20.2.2003:

”Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan – og bygningsloven) (plandelen) av 27.6.2008 nr. 71.

Kommunestyret delegerer avgjerdsretten etter Plan- og bygningsloven 2008 (plandelen) til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonen”.

03.06.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-027/09 Vedtak:

I medhald av § 3-3 tredje ledd i Plan- og bygningsloven 2008 (plandelen) vidareførast gjeldande ordning med barnas representant.

I medhald av Kommunelovas § 10 nr. 1 vidareførast § 4.1.02 i Delegasjonsreglementet for Samnanger kommune, vedteke av kommunestyret 20.2.2003: ” Utval for natur er kommunen sitt faste planutval”.

I medhald av Kommunelovas § 10 nr. 2 føyast følgjande avsnitt til § 4.2.01 i Delegasjonsreglementet for Samnanger kommune, vedteke av kommunestyret 20.2.2003:

”Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan – og bygningsloven) (plandelen) av 27.6.2008 nr. 71.

Kommunestyret delegerer avgjerdsretten etter Plan- og bygningsloven 2008 (plandelen) til naturutvalet, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til administrasjonen”.

Saknr. 028/09**HØYRING AV FYLKESDELPLAN FOR SMÅ VASSKRAFTVERK I HORDALAND 2009 - 2021**

03.06.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Ordføreren sette fram eit framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke.

NAT-028/09 Vedtak:

Samnanger kommune er oppteken av kraft og å framstå som balansert i høve til vidare utbygging av småkraft parallelt med at me vil ta vare på naturen vår.

Samnanger kommune tar fylkdesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021 til etterretning.

Saknr. 029/09

SØKNAD OM KONSESJON GNR 18 BNR 7

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev konsesjon til Helge Totland for å overta gnr. 18 bnr. 7 med vilkår om bu- og driveplikt. Vedtaket har heimel i konsesjonslova §§ 1 og 11.

03.06.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-029/09 Vedtak:

Samnanger kommune gjev konsesjon til Helge Totland for å overta gnr. 18 bnr. 7 med vilkår om bu- og driveplikt. Vedtaket har heimel i konsesjonslova §§ 1 og 11.

Saknr. 030/09

SØKNAD OM KONSESJON PÅ ERVERV AV FAST EIGENDOM - GBNR 11/3

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev konsesjon til Oddvar Skjæveland for å kjøpe gnr. 11 bnr. 3. Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1.

03.06.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-030/09 Vedtak:

Samnanger kommune gjev konsesjon til Oddvar Skjæveland for å kjøpe gnr. 11 bnr. 3.
Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1.

